

---

**Fra:** Marit Rødseth <Marit.Rodseth@hfk.no>  
**Sendt:** 6. august 2014 13:51  
**Til:** Vidar Mjøs (vidar-mj@online.no)  
**Kopi:** Anne-Kathrine Vabø; Kjersti Flatråker  
**Emne:** Reguleringsplan Rosneset

Til Vidar Mjøs

Vi viser til din e-post med vedlagt notat datert 24. juni 2014.

Rosneset er i kommuneplanen del av ei omsynssone H910, der reguleringsplanar framleis skal gjelde (Sone for vidareføring av gjeldande reguleringsplan, pbl § 1-5 2. ledd og 11-8 3. ledd, f. Sjø arealplankart og føresegner for nærare omtale). På kommuneplanens arealkart er den reguleringsmessige situasjonen illustrert under omsynssone-skravuren på eit generalisert/aggregert nivå, slik det er omtala i Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister. Her vert det og framheva følgjande:

«Generalisert arealbruk som ligger under skravuren er en illustrasjon som ikke er juridisk bindende. Det er arealbrukskategoriene i reguleringsplanen som fastsetter den rettslig bindende arealbruken.»

Av omsyn til det regionale svært viktige friluftsområdet Fosnstraumen må det ikkje regulerast fleire hyttetomtar og nausttomtar enn i eksisterande reguleringsplan. For meir informasjon viser vi til vår fråsegn datert 15.05.14.

Beste helsing

**Marit Rødseth**  
Plansjef  
Regionalavdelinga | Planseksjonen



Tlf: 55239284 | Mob:48138493

[www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan)